

debatt@klassekampen.no

KRONIKK
& DEBATTRettferdighet forekommer
bare på film

HAUK



DAGENS SUKK



Det norske akademiske tårnet er ikkje bygt av elfenbein.

99 % distrahert



Stephen J. Walton

SIGNERT

Klassekampens eigen Martin Grüner Larsen er ute i siste nummer av Prosa (sjå også kortversjon i Klassekampen torsdag 3. juni) med strenge oppmodingar til norske akademikarar om å kome seg ut i bloggospæren, og kvitire meir. Vi sit isolerte i elfenbeinstårna, og overlèt det offentlege ordskiftet i sosiale og elektroniske media til høgresida og til tullingar i det heile teke. Martin – ja da, vi kjenner jo kvarandre – skriv som alltid innsiktsfullt og godt, men eg er ueinig med han. Og for min del tek eg sikte på å gå i grava utan å ha blitt jaga ut i korkje fjesboka eller kvitring.

Her går det altså strake vegen frå Hjernevask til oppvask (oj, den kunne eg ha kvitira ...): Martin har sikkert rett i at «Hjernevask blei kulturkjempenes bevis for at vi trygt kan begynne opprullinga av velferdsstaten, feminismen og så vidare», og siterer eit par av konservatismens koryfeer som innanfor dei regulerte 140 kvitireteikna har meldt seg som tilhengjarar av Eias agenda. Det visste vi også frå før. Martin meiner da at det er ein del av forskaranes lovpålagde plikt til å breie ut forståinga for vitskapen, å melde seg på dette og liknande medium. Han vil også at forskarane i større grad går ut i det offentlege elektroniske rommet med uferdige arbeid slik at desse kan drøftast både av studentar og andre.

Problemet, iallfall eitt av dei, er jo at mediet som vi veit er bodskapen. No er vi altså nede i 140 teikn. Kva får du sagt da? Eg er samd. Eg er usamd. Dra til helvete. Kjønnsforskning er tullprat. Biologi er for nerdar. Sjølv sagt ønskjer eg meg gode ståoppkomikarar på venstresida som kan slå ned kulturkjemparane på 140 slag. Eit anna spørsmål er om dette er forskarane, eller akademikarane si oppgåve, eller om det er vi som er best eigna til ho.

Det går inflasjon i alt, også akademikarar. I gamle dagar var ein akademikar på norsk ein person med akademisk utdanning, det heldt med eit hovudfag. På grunn av snikanglifisering av språket er det no ein tilsett ved ein høgskule eller universitet Den nye «akademikaren» på norsk er altså ein spesialist på ein heilt annan måte enn den gamle, og dette tek Martin høgda for i artikkelen sin. Han meiner at grunnen til at vi er «99% stille» (det er tittelen), ligg i overbelastast arbeidstid og einøygd jag etter forskingspoeng. Vi har altså korkje tid eller ork til å vere til stades der folk



ILLUSTRASJON: KNUIT LØVÅS KNUGUNN@ONLINE.NO

flest er. Dette kan det for så vidt også vere noko i.

Eg trur likevel at årsaka til stilla ligg på eit meir grunnleggjande plan, og heng saman med skrivearbeidet.

Dersom ein i våre dagar skal skrive faglitteratur eller annan sakprosa, står ein for det første overfor det problemet at det nesten alltid er for mykje å lese. Alle fagfelt er blitt uoversikleg store. Det finst ei rekkje felt der det ikkje finst

hovudet ditt og skrik mot kvarandre, er det siste du treng to hundre iltre blogggarar der inne. Du treng ro. Og den er alleierie mangelvare i ein oppsplitta og byråkratisert akademisk kvardag.

Det er sjølv sagt skandaløst å krevje ro for postmoderne forskarar. Den som ikkje til kvar tid er lenka fast i interkonektivitetens elektriske stol, er ein svikar. Da har ein trekt seg attende til det omsungne elfenbeinstårnet.

Det norske akademiske tårnet er ikkje bygt av elfenbein, men av temmeleg oppsmuldra lecablokker. Likevel vil eg halde fast ved at jobben vår som skrivarar

først og fremst er å arbeide gjennom eit stoff slik at det får ei fast og god form. Ingen er tent med at vi heng oss ut gluggen i lecatårnet og syng halvkvæda viser ut i ei kvasioffentlegheit der ingen ser nokon fordi alle kappast om å vere akkurat like synlege som alle andre på akkurat same måten.

Vår jobb er å tenkje, så skrive, så formidle. I den rekkjefølgja.

Stephen J. Walton, professor i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda
Stephen.Walton@hivolda.no

Skriventane Thor Bjarne Bore, Arnfinn Haram, Bent Sofus Tranøy, Stephen Walton og Anne Viken analyserer og kommenterer dagsaktuelle tema og politiske fenomen laurdagar i Klassekampen.

PÅ TEPPE

Kvinnearbeid

Å la en mann lede et kvinnepanel, ser ikke ut til å være noen suksess.

Nå har flere kvinner, blant dem Pia Tjelta, trukket seg fra Lysbakkens femigruppe grunnet høyt arbeidspress.

De har vel endel «kvinnearbeid» hjemme?

Folk som likner 1

Redaksjonen mottar daglig tips på folk som

likner. For eksempel, Rødt's nye nestleder Bjørnar Moxnes og kongofarere Joshua French.



Likner en kongo-gutt

Livet sjøl

Lesere av den tyske avisen Die Zeit har fått selveste fasiten.

Forrige besvarte avisen dette spørsmålet: «Was ist Leben?» - oversatt til norsk: Hva er livet?

Vi gleder oss til en spennende oppfølger.

Folk som likner 2

Redaksjonen har fått flere henvendelser om at to personer vi trykket bilde av

igår også likner.

En baby og Bjarne Håkon Hanssen.

Joda, Vi ser den.



Likner en baby

Sørlandet i fokus

Ingen kan beskyldte Sørlandet for å være en landsdel i medvind. I gårsdagens Agderposten handlet om og arbeidsledige jobbveiledere.

La oss håpe Julius beholder jobben, om ikke annet.

Spår om Politiet

Den kjente spåmannen Arne Johannessen så i sin glasskule at Politiet skal kutte 500 stillinger.

Ingen andre har hørt om dette kuttet.

Kanskje finner han svaret på problemet i speilet?